

Saksnr. 14/2808 - 2 Arkivkode / C90/ &30 Saksh. Lisbeth Lunde Axelsen - 56575207 Dykkar ref. Dato 25.09.2014

Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 med handlingsprogram - Høyring

Sjå vedlagt sakspapir for behandling og vedtak i saken.

Med helsing

Lisbeth Lunde Axelsen
Kultursjef

Tilkopimottaker

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset Torggata 7 Pb.84, 5202 Os	Sentralbord: 56 57 50 00 Telefax: 56 57 50 01 Dir. innval: 56575207	postmottak@os-ho.kommune.no www.oskommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388 Org.nr.: 844 458 312

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Lisbeth Lunde Axelsen	Arkivkode: C90 &30
Arkivsaksnr.: 14/2808	JournalpostID: 14/24085

Saksnr:	Utval:	Dato:
74/2014	Os formannskap	09.09.2014

Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 med handlingsprogram - Høyring

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

Regional kulturplan for Hordland; PREMISS: KULTUR, har ein ambisjon om å vera Hordaland sin samla politikk for kultur fram mot 2025, og forsøkjer å inkludera heile spekteret i kulturlivet: museum og kulturminnevern, arkiv, kunstproduksjon og kulturformidling, bibliotek, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Det har vore ein god og omfattande planprosess, kor mange aktørar har fått komme med innspel.

Kulturplanen med handlingsprogrammet vil verta styrande for utviklinga på dei forskjellige kulturområder og legg premissar for den kommunale forvaltninga i dei komande åra, og det må sikrast at alle områda blir ivaretatt like godt.

Det er positivt at ein set fokus på den opplevde skeivfordelinga av den statlege kultursatsinga mellom Oslo og regionane.

Merknad 1.

Omgrepet kultur, blir brukt unyansert, og må rettast opp.

Bakgrunn: Det vert eksempelvis nytta omgropa kultur og kulturpolitikk fleire stader, samstundes som ein også nyttar kultur- og idrettspolitikk andre stader i planen. Det blir difor utydeleg når idrett er meint som ein del av omgropet kultur eller ikkje.

Merknad 2.

Fylkeskommunens tilskotsordning til Kulturminnevern held fram som no, og vert ikkje gjort avhengig av kommunale bidrag for tildeling.

Merknad 3.

For å sikra fokus og tydelege føringar innan fleire av områda innan Kultur, må Handlingsprogrammet utviklast vidare slik at det blir eit tydlegare verkty for kommunane. Handlingsprogrammet i fylkesdelplan Fysisk aktivitet, idrett og *Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ikkje underskrift av leiar*

ADRESSE

TELEFON

WEB/EPOST

INFO

Rådhuset

Sentralbord: 56 57 50 00

postmottak@os-ho.kommune.no

Bankgiro: 3201.48.86388

Torggata 7

Telefax: 56 57 50 01

www.oskommune.no

Org.nr.: 844 458 312

Pb.84, 5202 Os

Dir. innval: 56575207

friluftsliv er ein god mal for kva som er nyttig for kommunal planlegging.

Merknad 4.

På side 17 i planen vert Os kommune omtalt som den kommunen som brukar minst av det totale driftsbudsjetten til kultur, og at vi har hatt den største reduksjon i kulturbudsjetta fra 2003-2011. Dette er missvisande, og ein ber om at dette blir retta opp.

Dokumentasjon leggjast ved på eige ark

Merknad 5.

Den kulturelle spaserstokk (DKSS) må få sin plass i planen.

Os, den 28.08.2014

Knut Terje Rekve
Rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ikkje underskrift av leiar

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset Torggata 7 Pb.84, 5202 Os	Sentralbord: 56 57 50 00 Telefax: 56 57 50 01 Dir. innval: 56575207	postmottak@os-ho.kommune.no www.oskommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388 Org.nr.: 844 458 312

Behandling:

Votering: Samrøystes vedtak som innstillinga frå administrasjonen.

Votering: Forslag til vedtak punkt 6 fremma av Terje Søviknes, FrP vart samrøystes vedteke.

OS FORMANNSKAP 09.09.2014, Sak 74/2014 -Vedtak:

Regional kulturplan for Hordaland; PREMISS: KULTUR, har ein ambisjon om å vera Hordaland sin samla politikk for kultur fram mot 2025, og forsøkjer å inkludera heile spekteret i kulturlivet: museum og kulturminnevern, arkiv, kunstproduksjon og kulturformidling, bibliotek, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Det har vore ein god og omfattande planprosess, kor mange aktørar har fått komme med innspel.

Kulturplanen med handlingsprogrammet vil verta styrande for utviklinga på dei forskjellige kulturområder og legg premissar for den kommunale forvaltninga i dei komande åra, og det må sikrast at alle områda blir ivaretatt like godt.

Det er positivt at ein set fokus på den opplevde skeivfordelinga av den statlege kultursatsinga mellom Oslo og regionane.

Merknad 1.

Omgrepet kultur, blir brukt unyansert, og må rettast opp.

Bakgrunn: Det vert eksempelvis nytta omgropa kultur og kulturpolitikk fleire stader, samstundes som ein også nyttar kultur- og idrettspolitikk andre stader i planen. Det blir difor utspeideleg når idrett er meint som ein del av omgropet kultur eller ikkje.

Merknad 2.

Fylkeskommunens tilskotsordning til Kulturminnevern held fram som no, og vert ikkje gjort avhengig av kommunale bidrag for tildeling.

Merknad 3.

For å sikra fokus og tydelege føringar innan fleire av områda innan Kultur, må Handlingsprogrammet utviklast vidare slik at det blir eit tydlegare verktøy for kommunane. Handlingsprogrammet i fylkesdelplan Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er ein god mal for kva som er nyttig for kommunal planlegging.

Merknad 4.

På side 17 i planen vert Os kommune omtalt som den kommunen som brukar minst av det totale driftsbudsjetten til kultur, og at vi har hatt den største reduksjon i kulturbudsjetta frå 2003-2011. Dette er missvisande, og ein ber om at dette blir retta opp.

Dokumentasjon leggjast ved på eige ark

Merknad 5.

Den kulturelle spaserstokk (DKSS) må få sin plass i planen.6. Hordaland fylkeskommune bør etablira ein eigen strategi/tiltak for dei regionale kulturhusa i fylket. Her møter amatørane dei profesjonelle kulturutøvarane, og husa representerer eit breitt spekter av kunstuttrykk. Ei målretta satsing på kompetanse, nettverk og økonomisk støtte til produksjon og drift av dei regionale kulturhusa vil styrkja det samla kulturtildaket i Hordaland.

Merknad 6.

Hordaland fylkeskommune bør etablira ein eigen strategi/tiltak for dei regionale

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ikkje underskrift av leiar

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset Torggata 7 Pb.84, 5202 Os	Sentralbord: 56 57 50 00 Telefax: 56 57 50 01 Dir. innval: 56575207	postmottak@os-ho.kommune.no www.oskommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388 Org.nr.: 844 458 312

kulturhusa i fylket. Her møter amatørane dei profesjonelle kulturutøvarane, og husa representerer eit brett spekter av kunstuttrykk. Ei målretta satsing på kompetanse, nettverk og økonomisk støtte til produksjon og drift av dei regionale kulturhusa vil styrkja det samla kulturtildobet i Hordaland.

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ikkje underskrift av leiar

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset Torggata 7 Pb.84, 5202 Os	Sentralbord: 56 57 50 00 Telefax: 56 57 50 01 Dir. innval: 56575207	postmottak@os-ho.kommune.no www.oskommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388 Org.nr.: 844 458 312

Vedlegg:

- Regional kulturplan 2015-2025
- Handlingsprogram Regional kulturplan for Hordaland

Saksopplysningar:

Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 med handlingsprogram er lagt fram til høyring. Høyringsfristen er 26 september 2014.

Planen sitt føremål er å skape grunnlag for ein offensiv og langsiktig kulturpolitikk, som har føreseielege rammer, med følgjande kulturpolitiske mål for Hordaland:

«Hordaland skal vere ein leiande europeisk kulturregion.

1. *Kulturpolitikken skal fremja demokrati og ytringsfridom*
2. *Hordaland skal ha eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv, med tilgang for alle.*
3. *Kultur skal vera integrert i utviklinga av alle samfunnsonråde, med kvalitet i både tradisjonar og nyskaping*
4. *Hordaland skal ha eit sterkt, profesjonelt kulturliv som fremjar skapande og frie kunstuttrykk*
5. *Kulturpolitikken skal identifisera og styrke miljø og aktivitetar der Hordaland kan vere leiande*
6. *Hordaland skal ha ein sjølvstendig og offensiv kunst og kulturpolitikk lokalt, regionalt og internasjonalt
Barn og unge har ei spesiell merksemd innan alle målområda og er eit gjennomgåande tema i planen » (Regional kulturplan s. 6)*

Regional kulturplan for Hordaland; PREMISS: KULTUR, har ein ambisjon om å vera Hordaland sin samla politikk for kultur fram mot 2025, og forsøkjer å inkludera heile spekteret i kulturlivet: museum og kulturminnevern, arkiv, kunstproduksjon og kulturformidling, bibliotek, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Kulturplanen med handlingsprogrammet vil verta styrande for utviklinga på dei forskjellige kulturområder og legg premissar for den kommunale forvaltninga i dei komande åra.

Det er positivt at ein set fokus på den opplevde skeivfordelinga av den statlege kultursatsinga mellom Oslo og regionane. Regionale kulturhus bør sikrast faste driftstilskot frå fleire forvaltningsnivå.

I hovudsak er dette ein plan som både er offensiv og som setter fokus på viktige satsingsområder som administrasjonen kan stilla seg bak.

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ikkje underskrift av leiar
ADRESSE TELEFON WEB/EPOST INFO

Rådhuset Torggata 7 Pb.84, 5202 Os	Sentralbord: 56 57 50 00 Telefax: 56 57 50 01 Dir. innval: 56575207	postmottak@os-ho.kommune.no www.oskommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388 Org.nr.: 844 458 312
--	---	---	---

I den vidare saksutgreiing blir det sett fokus på dei områda som bør omtalast i merknader.

Ei utfording i planen er at omgrepet kultur blir brukt unyansert og utspeideleg når det gjeld idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. I definisjonen på side 5 i planen ligg alle områder som er omtalt inne, men utover i planen er det skiftande bruk av omgrepet kulturpolitikk, kultur- og idretts politikk, kulturtildelning, kultur- og idrettstilbod. Det gjer at ein kan stilla spørsmål ved om idrett er medrekna eller ikkje i den respektive teksten. Dette må nyanserast betre, og bør omtalast i høyringa.

Framlegg til Merknad 1:

Omgrepet kultur, blir brukt unyansert, og må rettast opp.

Bakgrunn: Det vert brukt kultur og kulturpolitikk fleire stader, samstundes som ein også nyttar kultur- og idretts politikk andre stader i planen. Det blir difor utspeideleg når idrett er meint som ein del av omgrepet kultur eller ikkje.

Kulturminnevern:

Tap av kulturminne skal minimaliserast, og fornuftig bruk og kontinuerlig vedlikehald er det beste tiltak mot forfall. Dette har ofte ein kostnadsside, og er ei utfordring da mange kulturminne er i privat eige. Det finnes ei rekke instansar, både private og offentlege, som ein kan søkja tilskot frå. Dette er tidkrevjande og omstendelige prosessar, som for private kan virka uoverkommelige. Her er det viktig med auka kunnskap som er lett tilgjengelig. Fleire av tilskotsordningane føreset at meir enn ein gjer tilskot; fleire søknader. Dersom fylkeskommunen også skal endra praksis for dette; at søker er avhengig av at kommunen kan stilla same beløp som fylke for i det heile tatt å få noko som helst, kan dette føra til det motsette av intensjonen. Fleire kulturminne kan gå tapt grunna stram økonomi og utfordringar på andre tenestetilbod som blir prioritert i kommunane.

Framlegg til Merknad 2:

Fylkeskommunens tilskotsordning til Kulturminnevern held fram som no, og vert ikkje gjort avhengig av kommunale bidrag for tildeling.

Handlingsprogram:

For å sikra fokus og tydelege føringer innan fleire av områda innan Kultur, må handlingsprogrammet utviklast vidare, slik at det blir eit tydlegare verkty for kommunane. Fylkesdelplan for Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er ein plan vi administrativt har hatt stor nytte av som førande til eigne planar og utvikling innan anlegg i kommunen. Det gjeld særleg handlingsprogrammet. Vi meiner dette er ein god mal for vidareutvikling av handlingsprogrammet som no er på høyring.

Framlegg til Merknad 3:

For å sikra fokus og tydelege føringer innan fleire av områda innan Kultur, må Handlingsprogrammet utviklast vidare slik at det blir eit tydlegare verkty for *Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ikkje underskrift av leiar*

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset Torggata 7 Pb.84, 5202 Os	Sentralbord: 56 57 50 00 Telefax: 56 57 50 01 Dir. innval: 56575207	postmottak@os-ho.kommune.no www.oskommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388 Org.nr.: 844 458 312

kommunane. Handlingsprogrammet i fylkesdelplan Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er ein god mal for kva som er nyttig for kommunal planlegging.

Pengebruk til kultur i kommunane:

På side 17 i planen visast det til ein kulturindeks med tal frå 2011. Her omtalast Os kommune som den kommunen som brukar minst del av driftsbudsjetten til kultur, og også den som har hatt størst nedgang i kulturbudsjetten i åra 2003 til 2011. Dette er ikkje rett. Tala er for oss kjende frå SSB og KOSTRA. Årsaka er at SSB fram til 2013 har rekna momsrefusjonar for investeringar i kulturygg inn som inntekt på kultur sitt driftsbudsjett. Med dei store investeringar vi har hatt til nytt kulturhus, slår dette feil ut. I 2010 var vår indeks på %vis bruk av det totale driftsbudsjett -(minus)2,4, i 2011 1,1 og i 2012 3,5. Sjølve driftsbudsjetten til kultur har hatt ei jamn auke i same tidsrom. Da vi finn det urimeleg av vi omtalast som kommunen på denne måten, når fakta er at vi hatt ei satsing, ber vi om at dette vert retta i planen. Dersom merknaden blir vedteken tatt med, legg vi ved eit eige vedlegg for å dokumentera tala.

Framlegg til Merknad 4:

På side 17 i planen vert Os kommune omtalt som den kommunen som brukar minst av det totale driftsbudsjett til kultur, og at vi har hatt den største reduksjon i kulturbudsjetta frå 2003-2011. Dette er feil, og ein ber om at dette blir retta opp.

Dokumentasjon leggjast ved på eige ark.

Den Kulturelle Spaserstokk, DKSS:

Hordaland fylkeskommune har fått overført ansvar for Den kulturelle spaserstokk frå 2014. DKSS er ei nasjonal kultursatsing som har som mål å sørge for profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet til eldre, la gode kunst- og kulturprosjekt for eldre lokalt bli utvikla innanfor eit mangfold av sjangrar og uttrykk. Ein skal leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren. DKSS er ikkje medteken i planen.

Framlegg til Merknad 5:

Den kulturelle spaserstokk (DKSS) må få sin plass i planen.

PREMISS: KULTUR, Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025, med handlingsprogram, har eit høgt ambisjonsnivå. Føresetnaden for å nå dei kulturpolitiske måla som her ligg som grunnlag synast å vera monalege auke i

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ikkje underskrift av leiar

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset Torggata 7 Pb.84, 5202 Os	Sentralbord: 56 57 50 00 Telefax: 56 57 50 01 Dir. innval: 56575207	postmottak@os-ho.kommune.no www.oskommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388 Org.nr.: 844 458 312

budsjettrammene til Kultur- og idrettsavdelinga.

Os, den 28.08.2014
Lisbeth Lunde Axelsen
Kultursjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ikke underskrift av leiar

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset Torggata 7 Pb.84, 5202 Os	Sentralbord: 56 57 50 00 Telefax: 56 57 50 01 Dir. innval: 56575207	postmottak@os-ho.kommune.no www.oskommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388 Org.nr.: 844 458 312